


EKSAMEN

| | |
|--|---|
| Emnekode: LBNOR10210/ LBNOR10210FN | Emnenavn: Barnelitteratur, elevtekstar og lese- og skriveopplæring |
| Dato: 26.5.2016 | Eksamenstid: kl. 9.00 til kl. 17.00 |
| Hjelpeemidler: Tillatte hjelpeemidler er gjeldande læreplan for grunnskolen, ordbok eller ordliste. | Faglærer: Bjørn Kvifte |
| Om eksamensoppgaven og poengberegning: Oppgåvesettet består av 9 sider inklusiv denne forsida. Kontroller at oppgåvesettet er komplett før du begynner å svare på spørsmåla. Alle kandidatane må svare på både del A og del B, og dei to delane tel likt ved vurdering. Ein av dei to delane (del A eller del B) skal skrivast på nynorsk og ein skal skrivast på bokmål. Kandidatar som etter søknad har fått fritak for nynorsk, skriv begge delane på bokmål. | |
| Sensurfrist: 23.6.2016 Karakterene er tilgjengelige for studenter på Studentweb senest 2 virkedager etter oppgitt sensurfrist. | |



Oppgåvesett på nynorsk

Del A - Litteratur

Kandidatane svarer på ei av dei to oppgåvene.

Oppgåve 1

Gullivers reise

I *Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar* (2012) av Birkeland og Mjør kan vi lese følgjande om *Gullivers reiser*:

Gullivers reiser (1726) av Jonathan Swift, blir i vår tid gjerne presentert som eventyr for barn. I samtidia blei bøkene lesne som beisk satire over menneskelege feilsteg. Gullivers opplevingar hos dei bitte små menneska i Lilliput og hos kjempene i Brobdingnag karikerer og latterleggjer politiske stridigheter i heimlandet England. (Birkeland og Mjør 2012: 65-66)

- a. Gi ein kort presentasjon av *Gullivers reiser*, og peik på nokre endringar som er gjort for å omskape denne boka til barnebok i ulike versjonar.
- b. Drøft korleis du kan bruke dette verket på eit klassetrinn i grunnskolen. Klassetrinn vel du sjølv. I drøftinga er det naturleg at du trekker inn fagdidaktisk teori og fagdidaktiske omgrep frå pensumlitteraturen - som til dømes «*John Appelyards fem stadier av litterær kompetanse*», «*prosessorientert forståelsesopplæring*», «*den litterære samtaLEN*» og liknande.

Oppgåve 2

Eventyr

- a. Gi ein presentasjon av eventyret *Prinsessa som ingen kunne målbinde* (Vedlegg 1). I presentasjonen skal du ta for deg nokre av følgjande perspektiv:
 - o Komposisjon
 - o Sjangertrekk
 - o Moral
 - o Propps funksjonar
 - o Aktantmodellen
 - o Olriks episke lover for folkediktinga
- b. Diskuter korleis du kan legge opp arbeidet med dette eventyret i ein klasse. Klassetrinn vel du sjølv. Det er naturleg at du trekker inn fagdidaktiske synspunkt for å forklare val av undervisningsopplegg.

Del B – Språklege emne

Kandidatane svarer på ei av dei to oppgåvene.

Oppgave 1

Arbeidsmåtar i skriftspråkopplæringa i småskolen

«Sidan elevane er ulike og lærer på forskjellige måtar, må undervisninga vere variert, og elevane må få møte skriftspråket frå ulike innfallsvinklar og gjennom eit mangfald av arbeidsmåtar og tekstar». (Traavik og Kolberg Jansson (2013) Norskboka 1, s. 71)

Beskriv praktiske og konkrete arbeidsmåtar i den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. Legg også vekt på faglege grunngjevingar for å bruke dei arbeidsmåtane du presenterer.

Oppgave 2

Elevtekst *Alex alene hjemme* (Vedlegg 2)

Den vedlagte teksten er skriven av ein gut på våren i fjerde klasse. Klassen arbeidde prosessorientert, og alle brukte pc. Tekstane blei til slutt samla i ei bok, som alle fekk med seg heim.

- a. Gi ein analyse av elevteksten. Du skal gå inn på både tekst-, setnings- og ordnivå.
- b. Kva ville du ha lagt vekt på i det vidare arbeidet med å forbetre skrivekompetansen til denne eleven?
- c. Skriv til slutt ei kort tilbakemelding til eleven.

Oppgavesett på bokmål

Del A - Litteratur

Kandidatene svarer på en av de to oppgavene.

Oppgave 1

Gullivers reise

I *Barnelitteratur – sjangrar og teksttyper* (2012) av Birkeland og Mjør kan vi lese følgende om *Gullivers reiser*:

Gullivers reiser (1726) av Jonathan Swift, blir i vår tid gjerne presentert som eventyr for barn. I samtid blei bøkene lesne som beisk satire over menneskelege feilsteg. Gullivers opplevingar hos dei bitte små menneska i Lilliput og hos kjempene i Brobdingnag karikerer og latterleggjer politiske stridigheter i heimlandet England. (Birkeland og Mjør 2012: 65-66)

- a. Gi en kort presentasjon av *Gullivers reiser*, og pek på noen endringer som er gjort for å omskape denne boka til barnebok i ulike versjoner.
- b. Drøft hvordan du kan bruke dette verket på et klassetrinn i grunnskolen. Klassetrinn velger du selv. I drøftingen er det naturlig at du trekker inn fagdidaktisk teori og fagdidaktiske begrep fra pensumlitteraturen - som for eksempel «*John Appelyards fem stadier av litterær kompetanse*», «*prosessorientert forståelsesopplæring*», «*den litterære samtalen*» og lignende.

Oppgave 2

Eventyr

- a. Gi en presentasjon av eventyret *Prinsessa som ingen kunne målbinde* (Vedlegg 1). I presentasjonen skal du ta for deg noen av følgende perspektiv:
 - Komposisjon
 - Sjanger trekks
 - Moral
 - Propps funksjoner
 - Aktantmodellen
 - Olriks episke lover for folkediktningen
- b. Diskuter hvordan du kan legge opp arbeidet med dette eventyret i en klasse. Klassetrinn velger du selv. Det er naturlig at du trekker inn fagdidaktiske synspunkt for å forklare valg av undervisningsopplegg.

Del B – Språklige emner

Kandidatene svarer på en av de to oppgavene.

Oppgave 1

Arbeidsmåter i skriftspråkopplæringen i småskolen

«Sidan elevane er ulike og lærer på forskjellige måtar, må undervisninga vere variert, og elevane må få møte skriftspråket frå ulike innfallsvinklar og gjennom eit mangfald av arbeidsmåtar og tekstar». (Traavik og Kolberg Jansson (2013) Norskboka 1, s. 71)

Beskriv praktiske og konkrete arbeidsmåter i den grunnleggende lese- og skriveopplæringen. Legg også vekt på faglige begrunnelser for å bruke de arbeidsmåtene du presenterer.

Oppgave 2

Elevtekst *Alex alene hjemme* (Vedlegg 2)

Den vedlagte teksten er skrevet av en gutt på våren i fjerde klasse. Klassen arbeidet prosessorientert, og alle brukte pc. Tekstene ble til slutt samlet i ei bok, som alle fikk med seg hjem.

- a. Gi en analyse av elevteksten. Du skal gå inn på både tekst-, setnings- og ordnivå.
- b. Hva ville du ha lagt vekt på i det videre arbeidet med å forbedre skrivekompetansen til denne eleven?
- c. Skriv til slutt en kort tilbakemelding til eleven.

Prinsessa som ingen kunne målbinde

Det var ein gong ein konge; han hadde ei dotter som var så vrien og vrang i ord at ingen kunne målbinde henne, og derfor lova han ut at den som kunne gjere det, skulle få prinsessa og halve kongeriket attpå.

Det var nok av dei som ville prøve seg, skal eg tru, for det er ikkje kvar dag ein kan få ei kongsdotter og eit halvt kongerike til gjevandes. Grinda til kongsgarden sto ikkje noko stund, dei kom i flokk og følgje frå aust og vest, både ridande og gåande. Men det var ingen som kunne ordbinde prinsessa. Til sist sette kongen ut at dei som prøvde seg, men ikkje kunne, dei skulle sviemarkast på begge øyrene med det store sviejernet hans. - Han ville ikkje ha dette rennet i garden sin til ingen ting.

Så var det tre brødre også som hadde fått spurt om prinsessa, og da dei ikkje hadde det for rart heime, ville dei ut og freiste lykka, og sjå om dei kunne vinne kongsdottera og halve riket. Dei var venner og nokså vel forlikte, og derfor gjekk dei i følgje alle tre.

Da dei hadde kome eit stykke på vegen, fann Askeladden ein død skjærunge.

"Eg fann, eg fann!" ropte han.

"Kva fann du?" spurde brørne.

"Eg fann ein død skjærunge," sa han.

"Fy kast han! Kva skal du med han?" sa dei to, som alltid trudde at dei var dei klokaste.

"Å, eg har slikt å gjøre, eg har slikt å føre, eg fører vel den," sa Askeladden.

Da dei hadde gått eit stykke til, fann Askeladden ein gammal vidjespenning; og den tok han opp.

"Eg fann, eg fann!" ropte han.

"Kva fann du no?" sa brørne.

"Eg fann ein vidjespenning," svarte han.

"Pöh! Kva skal du med den? Kast han!" sa dei to.

"Eg har slikt å gjøre, eg har slikt å føre, eg fører vel den," sa Askeladden.

Da dei hadde gått litt til, fann han eit skålbro; det tok han også opp.

"Gutar, eg fann, eg fann!" sa han.

"No, kva fann du no? spurde brørne.

"Eit skålbro," sa han.

"Sj! Det var da også noko å dra på! Kast det!" sa dei.

"Å, eg har slikt å gjøre, jeg har slikt å føre, så fører eg vel det," svarte Askeladden.

Da dei hadde kome litt lenger, fann han eit krokut bukkehorn, og like etter fann han maken til det.

"Eg fann, eg fann, guitar!" ropte han.

"Kva fann du no da?" sa dei andre.

"To bukkehorn," svarte Askeladden.

"Sj! Kast dei! kva gjer du med dei?" sa dei.

"Nei, eg har slikt å gjøre, eg har slikt å føre, så fører eg vel dei," sa Askeladden.

Om litt fann han ein blei.

"Nei, guitar, eg fann, eg fann!" ropte han.

"Det var da svare til finning på deg! Kva fann du no igjen?" sa dei to eldste.

"Eg fann ein blei," svarte han.

"Å, kast han! Kva gjer du med han?" sa dei.

"Eg har slikt å gjere, jeg har slikt å føre, eg fører vel den," sa Askeladden.

Da dei gjekk over jorda ved kongsgarden - der hadde dei nyleg breidd gjødsel, - bukka han seg og tok opp ein utgått skosåle.

"Nei, nei, guitar, eg fann , jeg fann !" sa han.

"Berre du fann litt vett til du kom fram!" sa dei to. "Kva var det no du fann igjen da?"

"Ein utgått skosåle," svarte han.

"Isj da! Det var noko å ta opp og! Kast han! Kva gjer du med den?" sa brørne.

"Å,eg har slikt å gjere, jeg har slikt å føre, så eg fører vel den, skal eg vinne prinsessa og halve riket," sa Askeladden.

"Ja, du ser ut til det du!" sa dei to.

Så la dei inn til kongsdottera. Først den eldste.

"God dag," sa han.

"God dag igjen," svarte ho og vridde på seg.

"Det er følt varmt her," sa han.

"Det er varmare i glohaugen," svarte prinsessa; der låg sviejernet ferdig og venta. Da han såg det, gjekk det i stå for han med ein gong, og så var det ute med han.

Det gjekk ikkje likare med den mellomste.

"God dag," sa han.

"God dag igjen," sa ho og vrikka på seg.

"Det er følt så heitt her," sa han.

"Det er heitare i glohaugen," svarte ho. Dermed så mista han også mål og mæle, - og så var det fram med jernet igjen.

Så kom Askeladden.

"God dag," sa han.

"God dag igjen," svarte ho og vrikka og vrei på seg.

"Det var da godt og varmt her," sa Askeladden.

"Det er varmare i glohaugen," svarte ho; ho blei ikkje blidare for det den tredje kom.

"Det var råd å få steikt skjæra mi her da?" spurde han.

"Eg er redd ho sprekk ," sa kongsdottera.

"Å det har ingen nød, eg slår omkring denne vidjespenninga," svarte guten.

"Han er for rom," sa ho.

"Eg driv i ein blei," sa guten, og tok fram bleien.

"Fettet renn av skjæra," sa kongsdottera.

"Eg held under dette," svarte guten, han viste fram skålbrottet.

"Du er så krokut i ord du," sa prinsessa.

"Nei, eg er ikkje krokut, men dette er krokut," svarte guten, og tok opp det eine bukkehornet.

"Nei! no har eg aldri sett maken!" ropte prinsessa.

"Her ser du maken," sa guten, og tok opp det andre.

"Eg meiner du er utgått for å målbinde meg, du?" sa ho.

"Nei, eg er ikkje utgått, men denne er utgått den," svarte gutten, og drog fram skosålen.

Så var prinsessen målbunden.

"No er du mi," sa Askeladden, og så fekk han henne og halve landet og riket attpå.

Vedlegg 2 Elevtekst *Alex alene hjemme* (Elevteksten er på to sider)



Det er en ting jeg vil fortelle dere før jeg forteller dere det rareste som har hendt meg i hele mitt liv.

Jeg er redd for og være alene hjemme. Alle i klassen erter meg for det, jeg er egentlig en pyse. Dem sier i hvert fall at jeg er en pyse.

Sånn startet det:

"Alex du må være alene hjemme for jeg skal på jobb, hadde", Sa mamma
Jeg hørte døra gå igjen. Jeg var alene hjemme. Det var en rar og skummel følelse.

Hva skulle jeg gjøre? Jeg tok meg en tur ut. Jeg tok på meg den orange jakka mi og gikk ut.

Skal jeg ta meg en sykkeltur? Ja. Jeg satt meg på sykkelen og syklet av sted.

Jeg så noen ved svingen, det var en annen syklist som syklet etter meg!

Jeg syklet for livet, Han ropte noen rare ord til meg. Nå så jeg virkelig at han syklet etter meg.

Jeg syklet jeg inn i skogen. Der var tett med trær men det blåste jeg i. Det var nesten som å kjøre slalåm med en sykkel.

Så kom jeg til en bred bekk. Jeg kunne ikke annet enn å kaste fra meg sykkelen og vassc over.

Han fulgte etter. Jeg løp og løp og løp. Nå kunne jeg ikke se han lenger. Jeg la meg ned.

Jeg følte meg om i hele kroppen. Jeg må ha sovnet. "Jeg må komme meg hjem så fort så mulig". Tenkte jeg.

Men jeg husket ikke veggen. Var det til høyre eller venstre? Når jeg så meg rundt så det ut som om jeg

var dypt inne i en grønn og frisk skog. Den var utrolig fin. Det så ut som om det var bare meg som hadde vært der.

Jeg hørte en lyd. Det hørtes ut som biler. Jeg gikk etter lyden. Jeg kunne ikke tro mine egne øyne. Det var en veg!

Den bilen ligna på våres bil? Det er vår! Jeg ropte så høyt jeg kunne "mamma det er meg".

Bilen stoppa. Mamma kom ut. Hun bærte meg inn i bilen." Hva, hva har skjed?"

Jeg fortalte henne hele historien.

Hun sa at vi måtte gå til politiet. For hun hadde hørt om en tyv som var på frifot. Og tyver kan finne på hva som helst.

Når vi hadde kommet trygkt hjem, gikk mamma og jeg til politistasjonen.

Når jeg kom til politistasjonen spurte de meg om masse rart, som "åssens farge hadde han på håret". Jeg svarte på det jeg kunne svare på.

Etter at vi hadde vært hos politiet gikk vi hjem å lagde ostesmørbrød.

Mamma og jeg så på tv. På nyhetene stod det om meg og det jeg hadde opplevd.
Det sto også at de hadde funnet tyven.

